



Tamara Roganovic Larsen fekk livet sitt rive opp av krigen då ho var 14 år. Nå blir histora scenekunst av og med forteljar Anne Elisebeth Skogen, som saman med distriktsmusikarane snart legg ut på turné i Ryfylke med forteljarkonserten "Frå Sarajevo til Ryfylke".

Siktar på hjarte

– Det er lettare å fortelja enn å la vera. Tamara Roganovic Larsen var 14 år då krigen reiv opp kvardagen hennar i Sarajevo. Nå blir historia hennar scenekunst.

ESTHER MOE

Anne Elisebeth Skogen er forteljar, og skal i haust reisa Ryfylke rundt med forteljarkonserten "Frå Sarajevo til Ryfylke". Saman med distriktsmusikarane har Skogen skapt ei framsyning ho vil skal røra.

– Eg trong stoff til eksamen min i forteljar-kunst, og tenkte med ein gong på Tamara, som eg før har høyrte fortelja om det å koma som flyktning til Sand. Ho sa ja med ein gong.

– Livet er for kort

– Det var lett å seia ja. Det er lettare å fortelja enn å la vera. Tamara er roleg tilstades i sofaen.

Krigen som kom til Sarajevo i 1992 snudde opp ned på alt. Med den kom flyktningtilveret, redsel og kaos. Og

flukta enda på Sand, der mykje måtte forklarast.

– Eg vil at folk skal forstå at det finst menneske som er nøydde til å dra frå der dei høyrer heime. Tamara er fast og usentimental. – Det er godt å få det ut, og det er godt å kunna bidra til meir forståing, utdjuper ho. – Eg tåler nok meir enn det eg elles ville gjort.

Livet er for kort til å syta, klaga og kran-gla om småting. Er du glad i nokon, sei det til dei mens du har dei rundt deg. Det er lærdomen den den unge kvinna har teke med seg. Og ho understrekar at mange blei hardare råka av krigen enn hennar familie. – Me mista ingen i familien som direkte følgje av krigen, takk og pris. Men eg blei fort vaksen, ja. Alt er kaos, og du prøver å følgja med, men veit ikkje om du følgjer rette veggen. Ein mistar all kontroll.

I dag er Tamara småbarnsmor og har stifta familie i bygda ho kom til som flyktning. Og er glad for at leiligheiten i Sarajevo finst som ferie-reisemål. Album og minne blei også mirakuløst funne i ein kjellarbod etter at husveret dei forlet, blei tømt av tjuvar.

– Eg kan sitja i leiligheita i Sarajevo og tenkja: "Kva om ikkje krigen hadde kome?"

Det er til å bli svimmel av. For ungane

mine har eg jo fått her, seier ho stille.

Endå har ho ikkje sett framsyninga. – Det må nok bli på ein av prøvane først gangen, meiner ho, spent på korleis både ho sjølv og andre vil oppleve historia.

– Det som er bak alle ansikta me ikkje kjenner

Korleis er det å vera ung og få røtene rivne opp medan sorga over å skiljast frå og redsla for å mista herjar? Det er det ho vil formidla, Anne Elisebeth.

Det er hjarte ho går etter. – Forteljinga kan få hjarte til å forstå det tusen føredrag ikkje kan, seier ho viss. Etter mange og lange samtalar med Tamara, har ho plukka bilete som adresserer kjenslene. Sensor på forteljar-studiet grein då ho med framføringa avla eksamen. Med denne forteljinga håpar ho at eit menneske si historie kan løfta fleire som har vore gjennom tilsvarande erfaringar. – Eg vil visa det som finst bak alle ansikta me ikkje kjenner, seier Anne Elisebeth og meiner forteljinga er i særklasse som formidlingsarena:

– Forteljinga er kanskje det eldste formidlingsuttrykket me kjenner. Forteljinga er så direkte, enkel og avkledd. Og så er det ingenting mellom den som fortel og den som høyrer, oppsummerer Anne Elisebeth magien.

Ho blir blank i augane når ho kjem inn på vegen dei to har gått saman for å finna bileta ho vil formidla med orda. – Me har grine saman mange gonger undervegs, men når eg skal formidla dette, er det ikkje mine kjensler, men historia som skal berøra, understrekar ho. Som også har eit knep i bakhand om kjenslene vil ta overhand på framsyninga.

– Eg tek meg ein slurk vatn, smiler forteljaren, som har fått breid respons frå mange kommunar som vil ha framsyninga til seg.

– Det er i dag

Tonen dei to i mellom ber tydeleg preg av det dei har delt. – Me kjenner kvarandre følelsemessig, kan du seia, småler Anne Elisebeth, som uttrykkjer stor takksemnd og audmjuke ovanfor den levde historia ho nå skal formidla til mange. – Eg tenkjer på forteljinga som ei gåve eg gir. Og eg vil at folk skal vita at eg har fått dette av Tamara. Ho skulle eigentleg berre hjelpe meg med eksamen, men dette er blitt ei forteljing i ein heilt eigen kategori. Ho stoppar og leitar etter orda. Og Tamara finn dei:

– Det er fordi det skjer i dag. I vår eiga tid. Det er ikkje lenge sidan det skjedde.